



Balestrand kommune

Strategisk næringsplan 2014-2017




Balestrand
inspirerer deg

Innhold

Kort samandrag	3
Innleiing	3
Kommunen sine verkemiddel.....	4
Organisering av arbeidet med næringsutvikling	5
Evaluering av planperioden 2010 – 2013	5
Generelt.....	5
Evaluering av handlingsplanen sine einskildtiltak	5
Situasjonen i Balestrand i dag	11
Folketasutvikling 2000 -2013.....	11
Pendling.....	12
Næringslivet i Balestrand	12
Om dei einskilde næringane	14
Landbruk.....	14
Industriproduksjon	16
Kraftressursar	16
Bygg- og anleggssektoren.....	16
Varehandel	16
Kafe/Restaurant	16
Reiseliv	17
Mål og retningslinjer	17
Strategisk forankring	19
Strategiar	19
Analysar	20
Swot analyse (2009))	20
Reiseliv og lokalsamfunnsutvikling.....	21
Handlingsplan	22
Generelt	22
Litt om einskildtataka	22
Oversyn over tiltak	23
Ressursbehov oppsummert.....	35

Kort samandrag

Næringsplanen skal:

- gje eit grunnlag for å vurdere stoda og peike på utfordringar
- formulere målsetjingar for næringsutvikling i kommunen
- innehalde strategiar og tiltak for å nå desse måla
- fordele ansvar for å gjennomføre tiltaka

Ved gjennomgang av tidlegare næringsplanar, innsamla informasjon om dagens situasjon og analysar av dette har ein utforma strategiar for nærings- og samfunnsutvikling i kommunen og ein handlingsplan med tiltak som skal gjennomførast i løpet av planperioden.

Dette er hovudstrategiane:

1. Utvikle og vedlikehalde Balestrand som ein attraktiv stad å drive næring.
2. Utvikle og vedlikehalde Balestrand som ein attraktiv stad å bu.
3. Arbeide for auka regionalt samarbeid innanfor nærings- og samfunnsutvikling.
4. Marknadsføre kommunen med utgangspunkt i strategi 1, 2 og 3.

Planen byggjer på same mal som planen for 2010-2013.

I arbeidet med planen har ein motteke innspel frå kommunalt tilsette og næringslivsaktørar. Det er eit mål at planen skal bli eit dokument som flest mogeleg skal ha eigarskap til, og lett kunne forholde seg til. Ein har difor lagt vekt på at planen skal vere enkel og oversiktleg. Planen bør vere eit levande dokument og det kan gjerast endringar i planperioden.

Innleiing

Tanken bak utarbeiding av ein strategisk næringsplan er å få ein enkel og gjennomførleg tiltaksplan, der hovudelementa blir trekt fram. Planen skal vere retningsvisande, og innehalde idear og mogelegheiter. Det er såleis ikkje noko absolutt krav at alle tiltak som er nemnde i planen skal gjennomførast. Ein må i arbeidet med næringsutvikling også være open for idèar og tiltak som ikkje er nemnde i planen i det heile.

Målet med næringsplanarbeidet er å få eit oversiktleg styringsdokument med forstålege strategiar og konkrete tiltak som både næringsliv, politikarar, og kommunalt tilsette har eigarskap til, samt å oppnå best mogeleg resultat av den totale ressursinnsatsen i næringsutviklingsarbeidet. Kommunen har det overordna ansvaret for gjennomføring av planen. Det er likevel ein føresetnad for å lukkast at arbeidet vert gjort i tett samarbeid med lokalt næringsliv og organisasjonar.

Næringsplanen skal:

- gje eit grunnlag for å vurdere stoda og peike på utfordringar
- formulere målsetjingar for næringsutvikling i kommunen
- innehalde strategiar og tiltak for å nå desse måla

- fordele ansvar for å gjennomføre tiltaka

Tiltaksdelen av planen skal evaluerast årleg.

Kommunen sine verkemiddel

Kommunen sin rolle i næringsutviklingsarbeidet er først og fremst som tilretteleggar. Dette gjeld dei fysiske vilkåra (kommuneplanar, reguleringsplanar, næringsareal, næringsbygg) og gjennom å spele på lag med dei næringsdrivande, etablerarane, grendelaga og organisasjonane - stimulere til nyskaping, utviklingstiltak og samarbeid mellom ulike partar.

Kommunen kan støtte næringstilak ved lån eller tilskot frå kraftfond I og II og næringsfond, eller gjennom sitt nettverk fungere som dørøpnar til andre finansieringskjelder som t.d. Innovasjon Norge.

Jfr.

Vedtekter for Balestrand kommune sitt kraftfond I

Vedtekter for Balestrand kommune sitt næringsfond.

Reglement for støtte til Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL).

Lån og støtte frå kraftfond II vert gjevne etter same reglar som for kraftfond I.

Frå 2012 fekk Balestrand kommune ta del i årlege «behovsprøvde» løyvingar til næringsfond tildelt av fylkeskommunen og finansiert over statsbudsjettet. Tidlegare fekk ikkje kommunar med konsesjonskraftinntekter over 1 million kroner del i fondet, no er grensa heva til 2 mill kroner. Balestrand kommune får såleis no tilført i overkant av kr 600.000 pr år som er øymerkt til næringsutvikling og som er underlagt særskild rapportering. Dette gjev oss nye moglegheiter enn tidlegare til å støtte næringsutviklingstiltak.

Kommunen kan sjølv rettleie og / eller syne til aktuelt rettleiingsapparat innan ulike fagområde.

Kommunen kan vere aktiv part gjennom eigarskap, løyvingar og styrerepresentasjon i prosjekt/selskap som arbeider med næringsutvikling - døme Balestrand Næringsbygg AS og Visit Sognefjord AS.

Næringsutvikling bør vere ein kontinuerleg prosess og ha eit langt siktemål der noko av det viktigaste er at folk trivst og ynskjer å bu i kommunen. Etableringar og bedriftsutvikling er oftast eit resultat av eit samspel mellom mange instansar - der bedrifta eller etableraren er den viktigaste. Kommunen skapar ikkje arbeidsplassar i privat sektor - men er ein viktig medspelar.

Balestrand kommune har som målsetting å yte god service og rask sakshandsaming, herunder raskast mogleg praktisk gjennomføring av vedtekne tiltak og oppgåver.

Organisering av arbeidet med næringsutvikling

Nærings sjefen, som rapporterer direkte til rådmannen, har hovudansvaret for oppfølging av næringsplanen. Det er vidare ein føresetnad at det er eit breidt samarbeid og engasjement for næringsutvikling, både i og utanfor den kommunale organisasjonen. Mange næringsutviklingstiltak grip inn i ansvarsområder som ikkje høyrer til under nærings sjefen.

Evaluering av planperioden 2010 – 2013

Generelt

Planen vart endeleg vedteken i kommunestyret 11 februar 2010, og skal vere eit levande dokument med prioriterte oppgåver innanfor arbeidet med næringsutvikling. Det var lagt til grunn at eit råd bestående av formannskapet og styret i Balestrand Næringsforum skulle gjennomføre halvårlege oppfølgingsmøter som igjen skulle danne grunnlaget for årlege oppfølgingsplanar. Dette har ein i planperioden ikkje fått til å prioritere i det omfang ein hadde ambisjonar om.

Det er i tiltaksplanen gjort ei vurdering av kva ressursbruk som er naudsynt frå kommunen si side for å få gjennomført dei ulike tiltaka. Den samla kommunale ressursbruk er vurdert til om lag 8 årsverk over 4 år knytt direkte til tiltaka i planen. Kostnader utanom lønnskostnader er vurdert til 1,9 millionar kroner eksklusiv dei 6 millionar som er løyvde til sentrumsutvikling. I tillegg er det ein føresetnad for god næringsutvikling og ein vellukka plan, at lokalsamfunnet bidreg på ymse måtar, og at ein også får til delvis ekstern finansiering på eindell av tiltaka.

Det er i innleiinga til planen slått fast at det ikkje noko absolutt krav at alle tiltak som er nemnde i planen skal gjennomførast. Det er vidare peika på at ein i arbeidet med næringsutvikling også må vere open for idèar og tiltak som ikkje er nemnde i planen i det heile. Fiberbasert breibandutbygging er eit døme på gjennomførte tiltak som ikkje er omtala i planen.

Planen inneheld tilsaman 18 ulike tiltak. 15 av desse har i større eller mindre grad vore arbeidd med, medan 3 ikkje har blitt prioritert. Grunnen til at einskilde tiltak har blitt nedprioriterte kan vere ein kombinasjon av fleire faktorar. Det kan skuldast for lite ressursar tilgjengelege både i kommunal organisasjon og i samarbeidande organisasjonar, uklare ansvarsforhold, eller at gjennomføring av tiltaket er vurdert som for ressurskrevjande i høve til nytte.

Evaluering av handlingsplanen sine einskildtiltak

Tiltak 1. Utnytte lokale naturressursar

Det har vore gjennomført eit forprosjekt: «Foredling av hjortekjøtt» som vart avslutta i 2010. Prosjektleiari har vore Kari Bolstad. Føremålet med forprosjektet var å kartlegge ressursgrunnlag og potensiale for meir kommersiell utnytting av hjorteressursen i kommunen,

og skape grunnlag for etablering av ny verksemd. *Prosjektet skapte ei viss interesse og ein mogleg etablerar vurderte å starte av lokalt slakteri utan at det førebels har komme noko konkret ut av dette.*

Økoløftprosjektet som også vart avslutta i 2010 og vart leia av Jon Asbjørn Målsnes, var vellukka når det gjaldt omlegging av areal for økologisk produksjon. I hovudsak gjaldt dette produksjon av eple. I regi av Balestrand Fruktlager er det også gjennomført eit prosjekt på fylkesnivå med økologisk produksjon som siktemål. På kort sikt har ein ikkje sett resultat av dette prosjektet. Balestrand er sett på kartet når det gjeld økologisk produksjon av frukt og bær gjennom desse prosjekta og gjennom Balholm A.S. som blir sikra viktig leveranse av lokalt råstoff. Produkta til denne verksemda har dei siste åra fått betydeleg merksemd i marknaden og har hatt ei fin omsetningsauke.

Tretema AS arrangerer ulike tre-/skogkurs innan kunnskapsformidling om bruk av tre. Dei arbeider med å vidareutvikle verksemda til eit kunnskapssenter på Kvamsøy.

Balestrand har eit godt utbygd nettverk av turstiar som også dei siste åra har vorte vidareutvikla og forbetra. 6 ruter har i planperioden fått DNT-status.

Tiltaket vert vidareført.

Tiltak 2: Nye næringsområde

På Holmamyrane er det p.t. ikkje ledig areal . Kommunen har inngått avtale med grunneigar om forkjøpsrett til næringsareal på ca 10 da på Nessane. Med basis i denne avtalen vil det bli varsla oppstart av reguleringsplan. Ein har også hatt samtalar med andre grunneigarar som er positive til å vurdere areal omdefinert frå LNF-område til næringsareal.

Tiltaket vert vidareført.

Tiltak 3: Entreprenørskap i skular og barnehagar

Skulane og barnehagane har utarbeidd og gjennomført entreprenørskapsplanar i samsvar med intensjonane. Sagatun skule har delteke på regionale entreprenørskapsmesser. Skulen har også arrangert årleg gründercamp for 8 klasse som mellom anna inkluderer bedriftsbesøk og formidling av kunnskap om lokalsamfunnet elles.. Nærings sjefen har på førespurnad delteke i dette arbeidet.

Tiltaket vert vidareført.

Tiltak 4: Vidareutvikle Balestrand Næringsforum

Balestrand Næringsforum har nær 60 medlemmer, nærings sjefen er sekretær for styret. Aktivitetsnivået er nok litt prega av at dei fleste medlemmer har meir enn nok å gjere i sine respektive verksemdar, og såleis mindre høve til å bruke mykje tid på aktivitetar i regi av næringsforum.

Ein har likevel fått til ein del: Balestrand Næringsforum har i planperioden arrangert to til tre opne møter pr år med aktuelle tema . Det har stort sett vore godt frammøte med mellom 30 og 60 personar kvar gang. I tillegg vart det gjennomført bransjemøter og nokre kurs i regi av eller etter initiativ frå forumet.

Balestrand næringsforum har i 2012 og 2013 vore arrangør av «Holmadagen», noko det er intensjon om å halde fram med.

Nærings sjefen held fram som sekretær for styret. Tiltaket vert likevel ikkje vidareført som eige tiltak i næringsplanen.

Tiltak 5: Idebank

Planen var her å lage eit systematisk oversyn over idear. Dette tiltaket har ein ikkje blitt prioritert. Tiltaket vert vidareført.

Tiltak 6: Finne grundertalent og hjelpe dei fram/Legge til rette for grundarar.

Dette tiltaket har ikkje blitt prioritert som eige tiltak. Tiltaket vert vidareført.

Tiltak 7: Kulturbasert næringsutvikling

Forprosjektet *Kunstbygda Balestrand* med Balestrand kommune som prosjekteigar vart slutført i 2012. Prosjektleiaren var Anne Randi Farnes. Største delen av finansieringa var gjennom regionale utviklingsmidlar. Føremålet var å komme fram til korleis ein kunne bygge vidare på omgrepet *Kunstbygda* og få til ei permanent og stabil organisering. Målet er ein organisasjon som kan formidle opplevingstilbod innan kunst og mellom anna bidra til å auke Balestrand sin attraksjonsverdi som turiststad. Som eit resultat av forprosjektet er *Kunstbygda Balestrand AS etablert*.

Tiltaket vert vidareført.

Tiltak 8: Heilskapleg reisemålsutvikling

Balestrand kommune har i planperioden vore ein viktig økonomisk bidagsytar og ein aktiv medspelar i Balestrand reiseliv BA. Ordførar og næringssjef har kommunen sine representantar i styret. Balestrand reiseliv driv turistinformasjonen og er eit serviceorgan for reiselivsnæringa. I tillegg arbeider selskapet med fleire tiltak innan produktutvikling. Fleire av tiltaka skjer i tett samarbeid med næringssjef og/eller skogbrukssjef/plan og utviklingsavd. Herunder høyrer fleire tiltak som er nemnde under andre tiltak i handlingsplanen. (Naturstiar, Utbygging hittunssfjóra, kunstbygda mm.)

Sogn Regionråd tok i 2011 initiativet til å utgreie ei vidareutvikling av reiselivssamarbeidet i Sogn. Det har i 2012 pågått ein prosess som har munna ut i at 8 kommunar i Sogn og reisemålsselskapa i dei same kommunane vart samde om å skipe Visit Sognefjord AS som eit nytt felles reisemålsselskap. Balestrand har hatt ein aktiv rolle i denne prosessen, som Ordførar Harald Offerdal er medlem i styret i det nye selskapet.

Statsbygg starta seinhaustes 2012 bygging av reiselivsmuseet. Planen er at museet kan bli opna i 2014. Det er god kontakt mellom kommunen i det vidare arbeid med bygging og utvikling av museet.

Tiltaket vert vidareført.

Tiltak 9: Legge til rette for og oppmode til nytenking i primærnæringane, t.d samdrifter.

Økoløftprosjektet som er beskrive under tiltak nr 1 er det mest konkrete resultatet her.

Vert ikkje vidareført som eige tiltak i næringsplanen, men inngår som ein del av tiltak nr 1, «utnytte lokale naturressursar».

Tiltak 10: Oppfølging av tilflyttarar

Det var gjort forsøk på å starte opp eit systematisk velkomst- og oppfølgingsprogram i samarbeid med Røde Kors og Grendelaga. Arbeidet stoppa opp, då det viste seg vanskeleg å få breidt nok engasjement omkring dette. Eit anna problem var at det er vanskeleg å skaffe oversyn over kven som flytter til kommunen.

Vert ikkje vidareført som eige tiltak i næringsplanen, men inngår i tiltak nr 6, marknadsføring av buattraktivitet.

Tiltak 11: Aktiv bruk av strandsona

Balestrand kommune har teke på seg å fjerne steinen som blir skoten ut i samband med byggjearbeidet. Det er gjort avtale med grunneigar av Hittunsfjøra som medfører at steinen no vert nytta til kombinert molo- og badelagune i tilknytning til området. Dette vil gi Balestrand eit betydeleg løft når det gjeld ålmenta sin tilgang til strandsona.

Vert ikkje vidareført som eige tiltak i næringsplanen, men vil inngå som ein del av tiltak nr 1 «utnytte lokale naturressursar»

Tiltak 12: Legge til rette for attraktive bustader

Balestrand kommune har som ein av 12 kommunar komme med i satsinga ” Boligetablering i distriktene” i regi av Kommunal og regionaldepartementet og Husbanken.

Gjennom utprøving av tilskottsordning og erfaringsutveksling vert deltakarkommunane motivert til å arbeide målretta med bustadetablering. Som eit av elementa i satsinga er det utarbeidd av ein bustadpolitisk plan.

Arealdelen av kommuneplanen opnar for å regulere nye og attraktive områder til bustadbygging. Mellom anna gjeld dette område i nærleik til Hittunsfjøra som er nemnd i tiltaket ovanfor. Kommunen har kjøpt sentrumsnær eigedom med føremål å legge til rette for attraktive sentrumsnære leiligheiter i samarbeid med utbyggjar.

Tiltaket vert vidareført som «legge til rette for buattraktivitet».

Tiltak 13: Vidareutvikle og vedlikehalde bustadmarkanden på heimesida til kommunen

”Bustadmarknaden” er ein gratis annonseplass på kommunen si heimeside for formidling av leige eller sal av bustad. Erfaringa så langt er at ein har lukkast bra med å få folk til å ta i bruk denne mogelegheiten. Den ser ut til å fungere når det gjeld å annonsere bustader for leige.

Vert ikkje vidareført som eige tiltak, men inngår som ein del av tiltak, men inngår i tiltak nr 6, marknadsføring av buattraktivitet.

Tiltak 14: Legge til rette for meir aktivitet i sentrum

Marknadsdagen «Holmadagen» i regi av ei sentrumsgruppe/Balestrand Næringsforum etablert som ei årleg hending. Det har vore forsøksordning med kafedrift i Det gylne hus, mellom anna som eit element i språkopplæring for innvandrarar. Ein har ikkje funne det føremålstenleg å vidareføre ordninga.

Vert av ressursomsyn ikkje vidareført som eige tiltak i næringsplanen. Det er likevel naturleg å bidra til auka aktivitet i sentrum der dette er føremålsteneleg, mellom anna ved å støtte opp under «Holmadagen» og andre arrangement.

Tiltak 15: Sentrumsutvikling.

Gjennomførte tiltak er servicebygg, brustein på gangvegar i parken, skulptur i parken og reparasjon og toppdekke på kaien.

Tiltaket vert vidareført fram mot slutføring av sentrumsplan.

Tiltak 16: Markandsføre/bevisstgjere internt i kommunen dei fordelane vi allereie har

Det har ikkje systematisk nok blitt fokusert på dette temaet som bør bestå av ein større heilheit.

Vert ikkje vidareført som eige tiltak i næringsplanen, men inngår i tiltak nr 6 «Marknadsføring av buattraktivitet».

Tiltak 17: Marknadsføre kommunen ovanfor potensielle nye innbyggjarar

Ein har forsøkt å legge vekt på god oppfølging, informasjon og service for personar som tek kontakt med tanke på eventuell tilflytting til kommunen. Det har vore deltaking på rekrutteringsmessene til Framtidsfylket. Men det er behov for å sette av ressursar og kompetanse til meir systematisk arbeid på dette feltet.

Det er starta eit arbeid med forprosjekt for felles tilflyttingsprosjekt i kommunane Vik, Høyanger og Balestrand. Konklusjon og eventuell vidareføring vert våren 2014.

Vert ikkje vidareført som eige tiltak i næringsplanen, men inngår i tiltak nr 6 «Marknadsføring av buattraktivitet» og tiltak nr 10 «Felles tilflyttingsprosjekt med Vik og Høyanger».

Tiltak 18: Regionalt utviklingsamarbeid

Det er i løpet av planperioden vore utvikling i samarbeidet mellom kommunane i regionen på fleire områder. Når det gjeld nærings- samfunnutvikling kan følgjande nemnast:


- Saman med reiselivsnæringa, deltaking i felles reisemålsselskap
- Formalisering av næringsnettverk bestående av næringsjefane i Sogn med Sogn Regionråd som sekretæriat
- Vurdering av felles tilflyttingsprosjekt(Sjå tiltaket ovanfor).

Den formelle nettverk og organisering som er nemnd ovanfor er med på å styrkje uformelle kontaktar og samarbeidspunkt på tvers av kommunegrensene både i privat og offentleg sektor.

Vert ikkje vidareført som eige tiltak i næringsplanen, men i form av fleire konkrete samarbeidstiltak.

Situasjonen i Balestrand i dag

Folketasutvikling 2000 -2013



Kjelde ssb

Folketalsutvikling 2000 - 2013, aldersfordelt:

	2000	2002	2004	2006	2008	2010	2011	2012	2013
0-9 år	244	223	207	177	157	139	139	139	134
10-19 år	195	209	216	229	218	212	198	192	194
20-29år	184	166	139	134	136	140	147	147	144
30-39 år	208	191	199	172	153	127	128	122	120
40-49 år	190	218	215	197	185	205	195	199	201
50-59 år	170	168	168	192	203	196	215	214	214
60-69 år	101	110	103	118	134	148	145	155	164
70-79 år	116	115	106	94	88	82	84	82	83
80 år +	105	106	109	93	91	95	92	88	83
Sum	1513	1506	1462	1406	1365	1344	1343	1338	1337

Kjelde ssb

Folketalet har mykje å seie for rammetilskot til kommunen.

Rammeoverføringar frå staten er basert på tal innbyggjarar og aldersfordelinga på desse, og er såleis heilt avgjerande for kommuneøkonomi og tenestetilbod frå kommunen. I tillegg er sjølvsagt folketalet ein viktig faktor som påverkar nivå/omfang på tilbod som elles til ei kvar tid vil finnast i lokalsamfunnet.

Frå år 2000 til 2013 har folketalet gått ned med 176 personar(11,6%). Nedgangstakten er gått ned og folketalet har nær stabilisert seg dei siste 3-4 åra. Som det framgår av det aldersfordelte oversynet ovanfor er nedgangen dramatisk for dei yngste aldersgruppene, medan folketalet er aukande for personar i alderen 40-70.

Pendling

	2009	2010	2011	2012	2013
Arbeidstakarar med bustad i kommunen	703	701	719	726	725
Pendlarar inn	92	100	118	105	115
Pendlarar ut	205	194	201	200	209
Arbeidsplassar i kommunen	590	607	636	631	631
Netto utpendling	113	94	83	95	94

Kjelde ssb

Det er det fleire sysselsette personar med bustad i Balestrand enn det er arbeidsplassar i Balestrand. Det er såleis netto utpendling. Dei fleste pendlar ut til Høyanger, Leikanger, Vik og Sogndal.


Næringslivet i Balestrand

Balestrand har historisk sett vore kjend som reiselivskommune og med hovudvekt på landbruk. Den vakre naturen vart oppdaga av kunstnarar alt på 1800-talet. Naturen har såleis vore grunnlaget for reiselivsnæringa og landbruket, men det er også andre bedrifter som byggjer på det lokale ressursgrunnlaget som isbre, skog, frukt, stein/sand og vasskraft. Nye bedrifter innan sal og service har også utvikla seg.

Tal på sysselsette med arbeidsstad Balestrand har auka frå 590 til 631 frå 2009 til 2013. Av desse utgjer offentleg tilsette om lag 37%, noko som er nær fylkesgjennomsnittet på 35%. Tal arbeidsplassar i privat sektor har auka, medan offentleg sektor er redusert. Totalt er tal arbeidsplassar no på same nivået som i 2004, medan folketalet har gått ned med 125 personar i same periode. Ein vil ikkje utelukke at det kan vere feilkjelder i sysselsettingsstatistikken, men det synest likevel klart at folketalsnedgangen ikkje skuldast færre arbeidsplassar, men alderssammensetningen på befolkningen.(Det er markert nedgang i dei aldersgruppene som ikkje er yrkesaktive).

Det er pr 1.1.2013 i Balestrand registrert 124 føretak unnateke offentlig forvaltning og primærnæring. Av disse er 32 aksjeselskap og 79 enkeltpersonsføretak. 14 verksemder har meir enn 5 tilsette. Fleirtalet av av enkeltmannsføretaka har ingen tilsette, dvs der er berre eigaren som arbeider i verksemda. Mange har karakter av biinntekt eller hobbyverksemd. Sygna vidaregåande skule med sine om lag 50 tilsette er i dag den største arbeidsplassen i kommunen utanom offentlig sektor. I den offisielle statistikken frå SSB(sjå nedanfor) ser det likevel ut som desse arbeidsplassane er

Utvikling tal arbeidsplassar



Kjelde ssb

Utvikling tal arbeidsplassar - sektorfordelt					
	2009	2010	2011	2012	2013
Alle sektorar	590	607	636	631	631
Statlig forvaltning	9	6	11	9	11
Fylkeskommunal forvaltning	1	2	2	2	2
Kommunal forvaltning	249	242	257	238	219
Privat sektor og offentlige foretak	331	357	366	382	399

Kjelde ssb

Utvikling tal føretak utanom primærnæring					
	2009	2010	2011	2012	2013
	108	109	111	116	124
Ingen ansatte	64	68	69	74	79
1-4 ansatte	32	27	28	30	31
5-9 ansatte	7	10	10	9	10
10-19 ansatte	2	2	2	0	1
20-49 ansatte	2	1	1	2	2
50-99 ansatte	1	1	1	1	1

Kjelde ssb

Om dei einsskilde næringane

Landbruk

Jordbruk

År	2000	2004	2008	2011
Gardsbruk som søker produksjonstilskot	73	60	44	43
Fulldyrka jord, dekar	2905	2822	2606	2570
Overflatedyrka jord, dekar	427	370	280	172
Innmarksbeite, dekar	1477	1604	1433	1565
Tal bruk med mjølkeproduksjon, ku	9	8	6	6
Tal mjølkekyr	115	96	84	89
Tal storfe	444	377	373	299
Tal bruk m sau	50	38	30	29
Tal sauer og lam	3163	2615	2474	2583

Som det framgår av statistikken har talet på bruk vore relativt stabilt dei siste åra sjølv om produksjonsvolum stort sett har gått ned. 33 personar hadde landbruk som hovudinntektskjelde i 2012. Tal sauer har auka dei siste 4 åra.

Hagebruk

År	2000	2004	2008	2011
Fruktareal i dekar	391	350	269	288
Bærareal i dekar	128	135	74	59

Balestrand har godt klima og lange tradisjonar for frukt- og bærproduksjon og vert rekna som ein viktig hagebrukskommune i fylket. Relativt mange epleprodusentar har lagt om til økonlogisk drift og samla fruktareal har auka. Denne utviklinga skuldast m.a. målretta arbeid av Balestrand Fruktlager og Balholm AS.

Skogbruk

Skogbruket i kommune har eit vekstpotensiale. Hovudorsaka er skogreisinga som starta på 50-talet, der dei fyrste felta no vært hogstmodne.

Hovudplan for skogsvegar, som er no under arbeid , og viser at vi vil har tilgang til ca. ½ mill kbm grantømmer dei neste 40 åra. Vegplanen legg opp til bygging av ca. 2-3000 meter skogsvegar årleg.

Balestrand har i dag god verdiskaping på tømmeret innan hogstlag, transport, vegbygging, sagbruk, eigenhogst m.m. Det er viktig at desse arbeidsplassane vert oppretthalde og utvikla i tida framover no med trong for auga avvirking i skogen.

Balestrand har og store ressursar av grov furu (ca. 100.000) som i dag har liten aktivitet. Meir fokus på utnytting av denne ressursen til spesialleveringar har stort potensiale.

Tretema AS som arrangerer ulike tre-/skogkurs, er viktig innan kunnskapsformidling om meir bruk av tre. Dei jobber no med etablering av eit kunnskapssenter på Kvamsøy, og der ein kan drive med vidareforedling lauvskogressursen.

Tal tiltak i hovudvegplanen for skogsvegar 2013-2025

Tiltak	meter	Volum barskog	Skogverdi	Vegkostn.	Samfunnverdi
Vegbygging	21000	173000 kbm	72 mill kr	210 mill kr	720 mill kr

Kvantum hogstmoden gran i Balestrand 2013 - 2055

År	Volum gran	årleg avvirking
	kbm	kbm
2013-25	70000	3000
2025-40	270000	18000
2040-55	200000	13000
totalt	540000	34000

Industriproduksjon

78 personar var pr 1.1.2013 sysselsette i industribedrifter. Industribedriftene produserer mellom anna emballasje i ekspandert polystyren (Nesseplast AS), maskiner og utstyr for industrien (Kleive Mek og Industriservice, KMI A.S) og spesialinnreiingar for funksjonshemma og innreiingar for kjøken (Fleksibo Innredning AS), dessutan pallar og treprodukt (Sæle Sag AS), eplemost (Balholm Mosteri AS) og ulike småprodukt av tre/tekstil og underleveransar til anna industri (Balestrand Industrier AS).”

Det er i august 2013 opna konkurs i Fleksibo Innredning AS.

Kraftressursar

I Balestrand kommune er det i dag utbygd vasskraftressursar for ca. 240 GWh. I tillegg er det søkt om konsesjon til nye småkraftverk med samla årsproduksjon på over 30 GWh. I 2012 utgjorde inntekter til Balestrand kommune i form av konsesjonskraft frå Mel og Høyangervassdraget om lag 8 millionar kroner. Her kan det vere store svingingar får år til år. Eigedomsskatt frå kraftbrnasjen utgjorde om lag 5,5 millionar kroner. 6-7 årsverk er i 2013 knytt til næringa.

I Balestrand er det i følgje kartlegging frå NVE framleis ein unytta ressurs på småkraftsida på 160 GWh, som kan utbyggast med akseptabel kostnad. I tillegg til å gi inntekter til kommunen, kan småkraftutbygging vere eit viktig bidrag til oppretthalding av lokal busetnad. Kraftprisane er for tida noko lågare enn føregåande år, terskelen for å investere er difor no noko høgare enn før.

Bygg- og anleggssektoren

Denne sektoren sysselset 32 personar pr 1.1.2013 og består i stor grad av enkeltmannsføretak. Balestrand er godt dekkja innan sektoren sine ulike fagfelt, tømrrarbeid, maskinentreprenørar, røyrleggararbeid, elektrikararbeid og malararbeid er alle representert. Dei lokale verksemdene har ein stor del av marknaden i Balestrand, men møter gjerne konkurranse utanfrå ved større oppdrag.

Varehandel

I Balestrand er det i 2013 to daglegevareforretningar i sentrum. (Coop og Joker). I tillegg til daglegvareforretningane kan ein handle byggjeverar i lokal butikk(Ese Bygg). Liten marknad, handelslekkasje og priskonkurranse er årsaker til at varehandelen i Balestrand ikkje har større omfang. Friendtex A.S., Praxis Arbeids-og Fritidsklær A.S., Nessemaskin A.S. og Rekop A.S.(Cintamani)er døme på varehandelsbedrifter som har heile landet som marknad. Dei er gode døme på at netthandel godt kan drivast med Balestrand som utgangspunkt.

Kafe/Restaurant

Det er stor skilnad på sommar og vinter når det gjeld marknaden for kafe/restaurantdrift i Balestrand. Det er difor fleire serveringsstader opne om sommaren, og stort sett ingen i vinterhalvåret. Sommaren 2012 var det 6 serveringstadar med opningstid kvar dag som hovudregel.

Reiseliv

Reiseliv er ei viktig næring for Balestrand, ikkje berre fordi det representerer 30-40 heilårsarbeidsplassar, men også fordi turistomsetning er avgjerande for å kunne oppretthalde tilbud som også lokalbefolkninga har nytte og glede av. Balestrand har stor overnattingskapasitet med Kvikne's Hotel som «spydspissen». Hotellet har dei siste åra også hatt ei god utvikling innan kurs- konferansemarknaden. Den store kapasiteten representerer eit potensiale, dersom ein lukkast med å utvide sesongen.

Ein ny attraksjon, Norsk Reiselivsmuseum er under bygging, og skal vere ferdig i 2014.

Balestrand reiseliv BA vart skipa i 2008 som ei følge av at reisemålsselskapet for kommunane Balestrand, Leikanger og Vik, Sognefjord Reiseliv BA vart avvikla. Frå 2013 er ny organisering på plass ved at 9 kommunar og reiselivsbedriftene i dei same kommunane har gått saman å skipa det nye felles reisemålsselskapet, Visit Sognefjord AS.

Utvikling i tal gjestedøgn syner i hovudtrekk betre utvikling enn for resten av fylket. Ein har ikkje utarbeidd samla statistikk for Balestrand for 2012, men det er truleg ein marginal nedgang i høve til 2011.

Tal gjestedøgn

År	Sogn og Fjordane	Balestrand
2008	993009	52538
2009	949777	48862
2010	932825	56766
2011	917034	55624

Kjelde: Balestrand reiseliv

Mål og retningslinjer. (Frå kommuneplanen 2009-2020):

3.4 Næringsutvikling

Balestrand kommune skal gjennom eit formalisert og aktivt samarbeid med næringslivet i kommunen - og andre aktuelle aktørar - arbeide for god tilrettelegging for næringsutvikling. Kommunen skal ha eiga stilling som nærings sjef som koordinerer dette arbeidet. Den nærare organiseringa av arbeidet og satsinga på næringsutvikling er avklart gjennom eige prosjekt.

Nærare mål og tiltak skal vere fastsett i ein eigen næringsplan.

For å lukkast med næringsutviklingsarbeidet er ein avhengig av eit aktivt engasjement frå næringslivet sjølv.

Heile kommuneorganisasjonen – alle leiarar og tilsette - skal ha ansvar for å medvirke i næringsutviklingsarbeidet. Det skal vere god kobling mellom entreprenørskap i skulen og anna arbeid som fremjer næringsutvikling.

Kommunen skal til ein kvar tid ha tilgjengeleg næringsareal. Det er i samband med arealdelen i kommuneplanen sett av ytterlegare næringsareal i tilknytning til Balestrand tettstad, Nessane og Fjordane krins.

Arbeidet med utvikling av og tilrettelegging for reiselivsbasert verksemd skal vere ein prioritert del av næringsutviklingsarbeidet. Arbeidet med produktutvikling og infrastrukturmessige tiltak skal vere forankra lokalt i kommunen, medan det må vere eit samarbeid om felles marknadsføring av reiselivsprodukt i Sogn.

Kommunen skal fylgje opp satsinga som er initiert gjennom økoløftprosjektet, for å tilrettelegge for produksjon av økologisk frukt.

Vedtektene for bruk av næringsfond skal gjennomgåast tidleg i perioden. Bedriftsretta støtte skal vere naudsynt mellombels stønad i høve til etablering og utvikling av næringsverksemder. Det skal i samarbeid med ungdomsrådet etablerast retningslinjer for ungdomsretta næringsstiltak ut frå den fylkeskommunalt vedtekne ordninga for dette.

Det skal arbeidast aktivt for realisering av Norsk reiselivsmuseum.

Balestrand kommune skal arbeide for at det vert tilfredsstillande breibandtilbod for privatpersonar, organisasjonar og verksemder i kommunen.

Kommentarar

Næringsutvikling er eit viktig satsingsområde, og det skal framleis vere prioritert å ha eigen nærings sjef. Men det er og vektlagt at dette ikkje er noko som berre kan vere ei sak for kommuneleiinga og nærings sjefen. Skal ein få til eit løft, er ein avhengig av at heile kommuneorganisasjonen deltek, og at det er eit samarbeid med næringslivet og andre instansar og ressurspersonar i kommunen. Det er gitt klarsignal for utbygging av Norsk reiselivsmuseum i april 2009 og kommunen skal arbeide vidare i høve til ei god realisering av museet.

Strategisk forankring

Visjon : Vi skal inspirere alle som bur her og besøker oss

Strategiar

1. Utvikle og vedlikehalde Balestrand som ein attraktiv stad å drive næring.

- Arbeide vidare med å skape eit godt næringsutviklingsmiljø, i denne perioden med fokus på samarbeid og nettverksbygging lokalt og regionalt.
- Arbeide for tilgang på næringsareal, næringslokale og andre infrastrukturtiltak.
- Syte for å ha eit aktivt kommunalt støtteapparat i næringsutviklingsarbeidet som kan yte service for den einskilde næringsaktør og arbeide med oppfølging av næringsplanen.

Strategien er forankra i kommuneplanen 2009-2020(pkt 3.4)

2. Utvikle og vedlikehalde Balestrand som ein attraktiv stad å bu.

- Utvikle bu -areala i Balestrand kommune
- Utvikle aktivitetstilbod for å betre oppvekstvilkår samt å utvide tilbodet for tilreisande
- Vedlikehalde og skape nye trivselsfaktorar for bufaste og tilreisande.
- Arbeide med samferdsels utfordringar

Strategien er forankra i kommuneplanen 2009-2020(pkt 3.1)

3. Arbeide for auka regionalt samarbeid innanfor nærings- og samfunnsutvikling.

- Arbeide for felles samarbeidsforum
- Arbeide for fokus på regionen som felles bu- og arbeidsområde

4. Marknadsføre kommunen med utgangspunkt i strategi nr 1 og 2 og 3.

- Fortsette arbeidet med å implementere visjonen til Balestrand kommune i kommunikasjon til både fastbuande og tilreisande
- Arbeide med å implementere visjonen til Balestrand kommune hjå alle instansar hjå kommunen
- Tydeleggjere for lag og organisasjonar at visjonen og designprofilen til Balestrand kommune er nyttig.
- Syte for god og lett tilgjengeleg informasjon om kommunale tilbod i høve til næringsutvikling, bustader, fritidstilbod m.v.

- Aktivt og målretta marknadsføre tilgjengeleg næringsareal/næringsbygg og bustadtomter/bustadområder.

Analysar

Swot analyse (2009))

Sterke sider

Infrastruktur (brukbar breibanddekning, kort avstand til Bergen, ekspressbåt)

Engasjert og open befolkning frå mange nasjonar

Høg kompetanse i befolkninga

Vel etablert og variert næringsliv, særleg reiseliv og småindustri

Godt klima, veileigna for frukt dyrking.

Unike naturlege ressursar som ikkje er fullt utnytta.

Ro

Vilje til samarbeid

Veikskapar.

Samferdsle (varefrakt og kollektiv persontransport samt vegstandard)

Få menneske fører til få resursar, både økonomiske og menneskelege.

Lang ventetid for saker som skal igjennom offentleg behandling

Mykje administrativ tenkjing/lite kreativ tenkjing og aktiv seljarkultur med god marknadsføring

For dårleg samarbeid med kvarandre og med andre kommunar og fylket som ein heilskap

Mangel på næringsbygg

Skiftande rammevilkår planlegging gjer planlegging vanskeleg

Har ikkje greidd å stogge fråflyttingstrenden

Trugsmål

Lågare statleg støtte til kommunen

Mangel på sosiale møtestadar i vinterhalvåret

Fastgrodde vanar –Redsle for nye idear og konflikhtar ein kunna ha fått i samband med desse

Mangel på glede over andre sin suksess

Høgt arbeidspress på arbeidstakarar innanfor kommunen

Ikkje veldig godt tilrettelagt for gründerverksemdar i varehandelen

”forgubbing” og ”bygdedyr” 24

Moglegheiter

Oppnå visjonen om å bli ei inspirerende bygd på alle måtar

Utnytte uutnyttede potensiale (småindustri, skog, språkvariasjon i befolkninga, reiseliv mm)

Stoppe fråflyttingstrenden

Legge til rette for nye arbeidsplassar i privat sektor

Gjere bygda til ein så god plass å bu at ”word of mouth” marknadsføringa er konstant positiv

Endre faste vanar og handlingsmønster – gjere Balestrand til ein UNG kommune.

Reiseliv og lokalsamfunnsutvikling

Telemarksforskning utførde på oppdrag frå Distriktssenteret i 2013 ein studie om lokalsamfunn og reisemålsutvikling som vart kalla «duett eller duell».

<http://distriktssenteret.no/2013/09/duett-eller-duell-reiseliv-og-lokalsamfunnsutvikling/>

Balestrand var en av 8 typiske turistkommunar som var omfatta av studiet. Ikkje overraskande er ein hovudkonklusjon at inkluderande nettverk og gode samarbeidsrelasjonar på tvers av næringar og grupper er ein viktig faktor for ei god utvikling til felles nytte.

Funna kan kort oppsummerast slik:

1. Folk skaper stader – saman. Natur og kultur er berre ei råvare – menneske er produsentar og konsumentar – i møte med kvarandre. Startegiar for samspel og deling av kunnskap er difor viktig.
2. Det er naudsynt å fokusere på den “breie verdiskapinga”, der verdiar handlar om miljø, kultur, sosiale og økonomiske goder.
3. Det er naudsynt å ha brei kunnskap om kvar ein er – og presis kunnskap om kvar ein vil. Synsinga må leggest bort.
4. Det må vere kunnskap og respekt for særpreget til staden. Dette krev både interesse- og kunnskap om fagfeltet.
5. Det er naudsynt med klare retningslinjer for soning av areal med omsyn til ulike brukarinteresser.
6. Frie goder må utviklast som grunnlag for kommersielle goder – og omvendt.
7. Samhandlingskultur er viktigare enn samhandlingsstruktur når ein skal utvikle tillitsfulle nettverk.
8. Det er viktig å gi rom for profesjonalisering av dette nye fagfeltet.

Handlingsplan

Generelt

Handlingsplanen skal vere eit verktøy som konkret peikar på retning og prioritering i arbeidet med næringsutvikling. Det er ikkje noko krav at alle tiltak skal gjennomførast fullt ut. Det må også vere rom for å bruke ressursar på tiltak som ikkje er nemnde i planen i det heile dersom det byr seg interessante mogelegheiter for bedrifts- og eller samfunnsutvikling.

Negativ folketalsutvikling med stor reduksjon i yngre aldersgrupper representerer ei utfordring, men også ein mogelegheit: Etter kvart som eldre arbeidstakarar blir pensjonistar, vil det bli tilgjengelige jobbar. Balestrand må difor satse på dei mogelegheitene som fins når det gjeld å framstå som ein attraktiv stad å bu for yngre personar og barnefamiljar. Det må satsast på buattraktivitet i vidaste forstand, også for å tiltrekke oss personar som ikkje har sitt arbeid i Balestrand, eller som kan ta jobben med seg. Personar som periodevis oppheld seg i bygda bør også sjåast på som ein ressurs i denne samanheng. Godt miljø, mogelegheit for aktivitetar, god skule, best mogeleg kommunikasjonar, varierte og attraktive bustader og godt internetsamband er moment som er viktige.

Det må vidare satsast spesielt på utvikling næringar som har særskilde føresetnader for å lukkast i Balestrand. Vidareutvikling av reise- og opplevingsnæringa vil dessutan også kunne bidra til auka buattraktivitet. (Ref. studien til Telemarksforsking).

Litt om einskildtiltaka

Eit av tiltaka er felles tilflyttingsprosjekt med Vik og Høyanger. Det skal i første omgang gjennomførast eit forprosjekt for å utgreie om det er grunnlag for samarbeid om eit hovudprosjekt. Dersom konkulsjonen her er negativ, bør Balestrand vurdere å gjennomføre tilflyttingsprosjekt åleine. Tilflyttingsprosjektet grip inn i fleire av dei andre einskildtiltaka.

Fleire av tiltaka frå den gamle planen er vidareførde eller samanslegne.

«Småkommunesatsinga» som Balestrand har fått høve til å vere ein del av, vil kunne vere ei hjelp til gjennomføring av nokre av tiltaka.

Det er for kvart einskildtiltak gjort ei vurdering av naudsynt ressursbruk, både når det gjeld kommunale årsverk og kostnad. Mogeleg finansiering er også skissert. Det er umogeleg å gjere ei eksakt vurdering her, mellom anna fordi omfanget av aktivitetane ikkje alltid er nøyaktig beskrivne. Mykje av finansieringa vil krevje særskilde budsjettvedtak eller er basert på ekstern finansiering.

Gode, trygge og føreseielege kommunikasjonar er eit viktig fundament for vidare utvikling av lokalsamfunnet, og ein grunnleggjande føresetnad for å lukkast med mange av tiltaka i planen. Temaet har hatt og vil framleis ha stort fokus og stå på den politiske dagsorden framover. «Samferdsle» er eit eige tiltak som består av fleire element.

Det må vere samanheng mellom tilgjengelege ressursar og planlagde tiltak, det er difor nyttig å ha ein oppfatning om naudsynt ressursbruk sjølv om dette berre er estimat førebels.

Stipulert bruk av ressursar : Årsverk kommunalt tilsette.

Stipulerte Kostnader: tiltak og investeringar som vert gjennomført regi av kommunen eller med kommunen som viktigaste samarbeidspart.

Oversyn over tiltak

Tiltak nr 1	Utnytte lokale naturressursar Sjåast i samanheng med tiltak nr 9			
Tidsramme	2014-2017			
Kva	<p>Utgreie og stimulere til iverksetjing av betre utnytting av naturressursane fleire område.</p> <p>Produksjon:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Matproduksjon og omsetning med utgangspunkt i lokale råvarer for eksempel hjortekjøtt. - vurdere moglegeheiter for fiskeopdrett.Land- og sjøbasert. <p>Oppleving:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kommersialisering av jaktoppleving - Vidareutvikling av turistprodukt innan vandring: Vidare utbygging av stiar-godt organiserte og marknadsførde vandreruter- «Via ferrata». - Vidareutvikling av potensialet for vinterturisme med utgangspunkt i Saurdalsområdet/Camp Sognefjord og Balestrand Open: Frikøyring på ski kombinert med scootertransport er eit av elementa. -Vidareføre prosjekt med badelagune og småbåthamn i Hittunsfjora fram mot slutføring i samarbeid med grunneigar. 			
Korleis	Kartlegge og drøfte konkrete idear, eventuelt søke personar, organisasjonar eller bedrifter med gjennomføringsevne og vilje til å arbeide vidare med og konkretisere ideane. Dette tiltaket kan bestå av fleire einskildprosjekt. Arbeide for god organisering og kommersialisering av einskilde opplevingsprodukt.			
Ynskte samarbeidspartnarar	Balestrand Næringsforum, Balestrand Bondelag, Reiselivsbedrifter, Visit Sognefjord, Grunneigarar. Balestrand og Høyanger Turlag.			
Stipulert kostnad	2014	2015	2016	2017
	400	600	500	500

Finansiering		2014	2015	2016	2017
	Drift	100	100	50	50
	Kommunalt næringsfond	50	50		
	Andre finansieringskjelder	50	50	50	50
	Statleg/fylkeskommunalt	200	300	300	300
Investeringsbudsjett		100	100	100	
Stipulert bruk av ressursar (årsverk)	2014	2015	2016	2017	
	0,4	0,4	0,4	0,4	

Tiltak nr 2	Kulturbasert næringsutvikling				
Tidsramme	2014 - 2017				
Kva	Utnytte betre potensialet i kunst og kulturhistoria til å styrke reiselivet, næringsgrunnlaget for kunstnarar og handverkarar, og gjere Balestrand til ein enno meir interessant kommune å bu i, og reise til.				
Korleis	Ein skal stimulere vidareføring av innhaldet i Kunstbygda Balestrand i nye og utvida former gjennom det nysskapa selskapet Kunstbygda Balestrand AS. .Det skal arbeidast aktivt for å stimulere til tiltak innanfor kulturbasert næringsutvikling, gjerne med utgangspunkt i ”Kunstbygda Balestrand” og miljøet omkring Norsk Reiselivsmuseum. Det er avgjerande å klare å kommersialisere aktivitet med utgangspunkt i kunst og kultur. Gode, føreseielege og salbare produkt vil styrke reiselivet og skape inntektsgivande aktivitet og auka trivsel i lokalsamfunnet.				
Ynskte samarbeidspartnarar	Kunstbygda Balestrand AS, Balestrand Kunstlag, , Lokale kunstnarar, Norsk Reiselivsmuseum, Lokale reiselivsbedrifter, Visit Sognefjord..				
Stipulert kostnad	2014	2015	2016	2017	
	30	30	30	30	
Finansiering		2014	2015	2016	2017
	Drift	30	30	30	30
Stipulert bruk av ressursar(årsverk)	2014	2015	2016	2017	
	0,05	0,05	0,05	0,05	

Tiltak nr 3	Heilskapleg reisemålsutvikling Må sjåast i samanheng med tiltak nr 1, 2 og 9.				
Tidsramme	2014 -2017				
Kva	Kommunen og reiselivsnæringa skal ha overordna fokus på marknad, tilbod, tilgjenge, verdiskaping og bærekraft i reiselivsutviklinga. Målet er å samle ressursane og samordne mot ei langsiktig satsing og ei berekraftig framtid, og skape eit heilskapleg, konkurransedyktig og lønsamt reisemål.				
Korleis	Bidra gjennom aktivt eigarskap og årleg tilskot i samsvar med samarbeidsavtale til å sikre at det nye reisemålsselskapet Visit Sognefjord AS vert ein motor for utvikling av reiselivet i Balestrand og regionen elles . Arbeide for betre samordna presentasjon og produktpakking av lokale opplevingsprodukt. I samarbeid med Visit Sognefjord, få vurdert mogelegheiten for etablering av «eventselskap» - gjerne med heile Sogneregionen som arbeidsområde.				
Ynskte samarbeidspartnarar	Reiselivsbedriftene, Opplevingsbedrifter, Visit Sognefjord AS.				
Stipulert kostnad	2014	2015	2016	2017	
	350	350	350	350	
Finansiering		2014	2015	2016	2017
	Drift	350	350	350	350
Stipulert bruk av ressursar(årsverk)	2014	2015	2016	2017	
	0,2	0,2	0,2	0,2	

Tiltak nr 4	Nye næringsområde				
Tidsramme	2014 - 2017 Regulering Gunnargarden 2014.				
Kva	Arbeide for at det til ei kvar tid skal finnast tilgjengeleg næringsareal i kommunen.				
Korleis	Motta innspel og føre dialog med aktuelle grunneigarar. Sette saka jamnleg på dagsorden i aktuelle fora. Fullføre reguleringsplan for næringsområde på Gunnargarden på Nessane. Vurdere andre aktuelle områder med tanke på omdefinering til næringsområde ved rullering av arealdelen av kommuneplanen. Bidra til regulering, vurdere kjøp. Det er starta dialog nokre grunneigarar.				
Ynskte samarbeidspartnarar	Balestrand Næringsforum. Grunneigarar.				
Stipulert kostnad	2014	2015	2016	2017	
	400	400	600	400	
Finansiering		2014	2015	2016	2017
	Investeringsbudsjett	200	200	500	350
	Kommunalt næringsfond	100	50	50	
	Drift	100	150	50	50
Stipulert bruk av ressursar(årsverk)	2014	2015	2016	2017	
	0,1	0,1	0,1	0,1	

Tiltak nr 5	Legge til rette for buattraktivitet
Tidsramme	2014 - 2016 Oppstart sal leiligheiter på Holmamyrane: 2014 Etablering av prøvebustader : 2014-2016 Nye bustadtomter regulert innan utgangen av 2015
Kva	Legge til rette for attraktive og varierte bumogelegeheiter .

Korleis	Følgje opp bustadpolitisk plan og arbeide for best mogeleg effekt av satsinga «bustadetablering i distrikta». Nokre aktuelle tiltak: <ul style="list-style-type: none"> - Sentrumsnære sjølveigarleigligheiter for sal på Holmamyrane - Prøvebustader - Marknadsplassen «bustadmarknaden». - Kontakt med private grunneigarar med tanke på å stimulere til regulering av og tilrettelegging for nye attraktive bustadtomter. - Kontakt med eigarar av lite brukte bustader og småbruk med tanke på påverking til sal eller utleige. 				
Ynskete samarbeidspartnarar	Utbyggjar. Grunneigarar og huseigarar. Husbanken.				
Stipulert kostnad	2014	2015	2016	2017	
	750	3.000	200	100	
	Kjøp av leiligheit på Holmamyrane i 2015.				
Finansiering		2014	2015	2016	2017
	Drift	200	100	200	100
	Utbyggjar	100			
	Investeringsbudsjett	400	2.850		
	Kommunalt næringsfond	50	50		
Stipulert bruk av ressursar(årsverk)	2014	2015	2016	2017	
	0,4	0,3	0,2	0,1	

Tiltak nr 6	Marknadsføring av buattraktivitet				
	Sjåast i samanheng med tiltak nr 5 og 10.				
Tidsramme	2014 - 2017				
Kva	<p>Opprette område på heimesida til kommunen som heiter «Bu i Balestrand».</p> <p>Området kan mellom anna innehalde:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Bustadmarknaden og bustadsatsing - Relevant informasjon som knyter seg til bustad, gebyr m.v - Informasjon om kommunikasjonar(inkl breiband) - Informasjon og kultur- og fritidstilbod - Informasjon om barnehage og skule <p>Vurdere andre tiltak som t.d. organisert kontakt med utflytte ungdommar.</p> <p>Få flest moglege bedrifter og organisasjonar i Balestrand til å ta i bruk Balestrand-profilen. Skape breiare eigarskap til profil og slagord "Balestrand inspirerer deg" for på denne måten å skape auka samhald og sjølvkjensle.</p>				
Korleis	<p>Studere andre kommunar sine heimesider og sjå korleis dei har løyst dette. Sette av ressursar til arbeid og vedlikehald av heimesida.</p> <p>Målretta marknadsføring av butilbod og arbeidsmogelegheiter saman dei gode oppvekstvilkåra i kommunen, barnehagedekning, natur og idrett og andre tilhøve som innverkar på val av bustad.</p> <p>Personleg oppfølging av potensielle tilflyttarar.</p> <p>Vere bevisst både på å "få fram" det som er bra, og å betre det som kan betrast.</p> <p>Vurdere andre tiltak og eller arrangement.</p> <p>Oppfølging av bedrifter/organisasjonar.</p>				
Ynskte samarbeidspartnarar	Næringsliv.Huseigarar. Lag organisasjonar.				
Stipulert kostnad	2014	2015	2016	2017	
	80	40	40	40	
Finansiering		2014	2015	2016	2017
	Drift	80	40	40	40
Stipulert bruk av ressursar(årsverk)	2014	2015	2016	2017	
	0,2	0,1	0,1	0,1	

Tiltak nr 7	Fiberbasert breibandsutbygging				
Tidsramme	2014 - 2017				
Kva	Arbeide for vidare utbygging av fiberbasert breiband.				
Korleis	Identifisere realiserbare utbyggingprosjekt der husstandar og næringsliv i området har tilstrekkeleg interesse. Søke om medfinansiering frå statlege «breibandmidlar», organisering og gjennomføring av prosjekt i samarbeid med grendalag eller liknande.				
Ynskte samarbeidspartnarar	Fylkeskommunen, Grendelag, Næringsliv.				
Stipulert kostnad	2014	2015	2016	2017	
	600	600	600	600	
Finansiering		2014	2015	2016	2017
	Næringsfond	50	50	50	50
	Husholdn og næring	150	150	150	150
	Utbyggjar	100	100	100	100
	Statleg/fykeskommunalt	300	300	300	300
Stipulert bruk av ressursar(årsverk)	2014	2015	2016	2017	
	0,15	0,15	0,15	0,15	

Tiltak nr 8	Netthandel				
Tidsramme	2014 - 2017				
Kva	Stadig meir av handelen føregår no på nett. Denne type handel treng ikkje føregå i sentrale strøk. Det fins alt fleire bedrifter i Balestrand som baserer seg på netthandel. Ein viktig føresetnad er breiband med høg kapasitet.				
Korleis	Legge til rette for og stimulere til at eksisterande bedrifter kan utvikle seg området netthandel og utnytte dei moglegeheitene som her fins. Legge til rette for og stimulere til etablering av nye bedrifter basert på netthandel . Arrangere møte(r) med netthandel som tema.				
Ynskte samarbeidspartnarar	Balestrand Næringsforum. Bedrifter. Gründarar. Fylkeskommunen.				
Stipulert kostnad	2014	2015	2016	2017	
	20	20	20	20	
Finansiering		2014	2015	2016	2017
	Drift	20	20	20	20

Stipulert bruk av ressursar(årsverk)	2014	2015	2016	2017
	0,05	0,05	0,05	0,05

Tiltak nr 9	Utvikling om området Kvamsøy/Saurdal Sjåast i samanheng med tiltak nr 1.				
Tidsramme	2014 -2017				
Kva	Få til ei optimal utnytting av området , både med tanke på næringsutvikling i tillegg til trivsel for innbyggjarane, der ein best mogeleg ivaretek mogelegheitene i området når det gjeld: <ul style="list-style-type: none"> - Bukvalittetar - Fristidsbustader - Friluftsliv med tilgang til både sjø og feyll sommar som vinter 				
Korleis	Lage ein samla plan for utvikling av området. Tiltak som skal vurderast i planen er mellom anna: <ul style="list-style-type: none"> - Fritidsbustader/bustader - Båthamn i Kvamsøy - Nye skogsvegar og stiar - Vinteraktivitet - Alle former for næringsverksemd i området <p>Organsiere utbygging der det må vere eit breidt samarbeid mellom mange aktørar. Det vil bli naudsynt med kommersielle investorar på nokre område.</p>				
Ynskte samarbeidspartnarar	Grunneigarar. Idrettslag. Næringsliv. Visit Sognefjord. Uttbyggjarar/investorar. Evensts-arrangørar				
Stipulert kostnad	2014	2015	2016	2017	
	200	1.000	3.000	3.000	
Kostnader: Planlegging/tilrettelegging og infrastruktur eigd av kommunen og eller tilgjengeleg for ålmenta.					
Finansiering		2014	2015	2016	2017
	Drift	100	150	150	150
	Andre finansieringskjelder	100	300	1.000	1.000
	Kommunalt næringsfond		50	50	50
	Statleg/fylkeskommunalt		500	1.800	1.800
Stipulert bruk av ressursar(årsverk)	2014	2015	2016	2017	
	0,2	0,3	0,4	0,4	

Tiltak nr 10	Felles tilflyttingsprosjekt med Vik og Høyanger				
Tidsramme	2014 - 2017				
Kva	Felles tilflyttingsprosjekt de dei tre kommunane i fellesskap arbeider for tilflytting.				
Korleis	Det vert gjennomført forprosjekt som ver avslutta våren 2014 som skal kartlegge om det er grunnlag for eit samarbeid om tilflytting. Det skal eventuelt føreslåast kva samarbeidet skal gå ut på og korleis det skal organiserast. 3 årig hovudprosjekt.				
Ynskte samarbeidspartnarar	Grendelag.Næringsliv.Politikarar.Fylkeskommunen. Distriktssenteret.				
Stipulert kostnad(heile tusen)	2014	2015	2016	2017	
	400	500	500	300	
Finansiering		2014	2015	2016	2017
	Drift	20	30	30	20
	Kommunalt næringsfond	40	50	50	20
	Vik/Høyanger	140	170	170	110
	Statleg/fykeskommunalt	200	250	250	150
Stipulert bruk av ressursar(årsverk)	2014	2015	2016	2017	
	0,1	0,1	0,1	0,1	

Tiltak nr 11	Sentrumsutvikling			
Tidsramme	2014 - 2015			
Kva	Sentrum har vore under utvikling dei siste åra. Det har vore utarbeidd sentrumsplan med total kostnadsramme på over 12 mill kroner eks mva. Kommunestyret har føreteke prioriteringar innanfor den løyvde ramma på kr 6.000.000. Denne prosessen skal vidareførast til ferdigstilling av heile området i samsvar med prioriteringar vedtekne i formannskapet.			
Korleis	Arbeide vidare med oppfølging av skisseprosjekt for sentrum. Viktigaste attståande prioriterte tiltak er parkeringsplassar ved gamle Essostasjonen og gateløpet framfor Reiselivsmuseet.			
Ynskte samarbeidspartnarar				

Stipulert kostnad(heile tusen)	2014	2015	2016	2017	
	300	3300			
Finansiering		2014	2015	2016	2017
	Investeringsbudsjett	300	3300		
Stipulert bruk av ressursar(årsverk)	2014	2015	2016	2017	
	0,2	0,2			

Tiltak nr 12	Entreprenørskap i skular og barnehagar				
Tidsramme	2014 -2017				
Kva	Overordna plan for entreprenørskapsarbeid i den einskilde skule og barnehage som vert revidert årleg. Planen beskriv årshjul for aktivitetar på den einskilde eining, m.a. korleis ein samarbeider med lokalt nærings- og kulturliv, lag og organisasjonar.				
Korleis					
Ynskte samarbeidspartnarar	Næringsliv. Lag og organisasjonar.				
Stipulert kostnad(heile tusen)	2014	2015	2016	2017	
	50	50	50	50	
Finansiering		2014	2015	2016	2017
	Drift	50	50	50	50
Stipulert bruk av ressursar(årsverk)	2014	2015	2016	2017	
	0,6	0,6	0,6	0,6	

Tiltak nr 13	Idebank				
Tidsramme	2014 - 2017				
Kva	Ta vare på idear som kan vidareutviklast og iverksetjast på seinare tidspunkt.				
Korleis	Lage eit enkelt og tilgjengeleg oversyn over konkrete idear, m.a. med utgangspunkt i møter i Balestrand Næringsforum. I einstilte tilfeller vurdere å søke personar, organisasjonar eller bedrifter med gjennomføringsevne og vilje til å arbeide vidare med nokre av ideane.				
Ynskte samarbeidspartnarar	Balestrand Næringsforum. Heile lokalsamfunnet.				
Stipulert kostnad(heile tusen)	2014	2015	2016	2017	
Finansiering		2014	2015	2016	2017
Stipulert bruk av ressursar(årsverk)	2014	2015	2016	2017	
	0,1	0,1	0,1	0,1	

Tiltak nr 14	Finne gründertalent og hjelpe dei fram/Legge til rette for gründarar				
Tidsramme	2014-2017				
Kva	Systematisk arbeid for å komme i kontakt med potensielle gründarar som kan vere interessert i å starte næringsverksemd i Balestrand. På denne måten arbeide for å få fram ubrukte menneskelige ressursar.				
Korleis	Sette fokus på temaet i så mange fora som mogeleg. Vere aktiv med å tilby rådgjeving. Ta direkte kontakt og følgje opp einskildpersonar.				
Ynskte samarbeidspartnarar	Balestrand Næringsforum				
Stipulert kostnad(heile tusen)	2014	2015	2016	2017	
Finansiering		2014	2015	2016	2017

Stipulert bruk av ressursar(årsverk)	2014	2015	2016	2017
	0,2	0,2	0,2	0,2

Tiltak nr 15	Samferdsle				
Tidsramme	2014-2017				
Kva	Arbeide kontinuerleg for følgjande tiltak: <ul style="list-style-type: none"> - Sikre at Sognebåten vert oppretthalden som heilårsrute - Arbeide for auka ferjefrekvens og føreseielege avgangar i Balestrandsektoren - Arbeide for tenelege og korresponderande bussruter - Fylkesveg 55, Utbetring strekningen Dragsvik – Sæle. Bru over Esefjorden som rassikringstiltak. Rassikring Renninganeset. - Fylkesveg 152, rassikring Alstokka. 				
Korleis	Fokus, engasjement , utøve lobbyverksemd. Påverke RTP Sogn og Fjordane. Kommunedelplan Esefjorden				
Ynskte samarbeidspartnarar	Balestrand Næringsforum. Næringsliv i regionen. Nabokommunar.				
Stipulert kostnad(heile tusen) Kommunedelplan Esefjorden	2014	2015	2016	2017	
	1.250	750			
Finansiering		2014	2015	2016	2017
	Drift	750	750		
Stat/fylke	500				
Stipulert bruk av ressursar(årsverk)	2014	2015	2016	2017	
	0,3	0,3	0,3	0,3	

Ressursbehov oppsummert

Den årlege kommunale ressursbruk i form av årsverk er stipulert til mellom 2 og 3 årsverk knytt til tiltaka i denne planen. I tillegg til næringssjef, vil dette vere i hovudsak vere ressursar knytt til Plan og utvikling, skule og servicetorget.

Beløp som i finansieringsoversynet er angitt under «drift» er indirekte finansiert frå kraftfond I, ettersom det årleg vert sett av midlar til drift herfrå.

Samla Stipulert kostnad(heile tusen)	2014	2015	2016	2017	SUM	
	3580	9890	5890	5390	24750	
Samla stipulert Finansiering	År	2014	2015	2016	2017	SUM
	Drift	1050	1020	970	860	3900
	Næringsfond	290	300	200	120	910
	Investeringsbudsj	900	6450	600	450	8400
	Stat/fylke	700	1350	2650	2550	7250
	Andre	640	770	1470	1410	4290
Samla Stipulert bruk av ressursar(årsverk)	2014	2015	2016	2017		
	3,25	3,15	2,95	2,85		

Rullering av handlingsplanen

Handlingsplanen skal rullerast årleg.